



1.klasse på Uskedalen skule 2020/2021. Ein elev var sjuk og måtte vera heime.

**Bortsett frå ein elev, som var sjuk og måtte vera heime, var alle fyrsteklassingane på plass på Uskedal skule i dag. Klassekontakten, Hilde Borge Bringedal, og assistenten Eva Irene S. Myklebust, møtte elevane og foreldra kl. 09.00. Etter ei kort tid vart foreldra sende heim. Elevane er trygge og finn seg godt til rettes på skulen.**

Første veka skal brukast til mykje leik, litt kartlegging og bli kjend øvingar. Bokstavinnlæringa tek til med ein gong. Alt i morgon får alle elevane sin nye iPad med pedagogiske program. Her ligg det appar innlagde av faganvarlege på kommunen. iPaden vert brukt som supplering til anna undervisning.

Alle dei 11 elevane har vore i barnehage, anten i Uskedal barnehage eller i Gardsbarnehagen. To av elevane treng skuleskyss. Dei kjem frå Haugland og Musland.

1. klasse 2020/2021: 6 jenter og 5 gutar

- Åsta Marie Døssland
- Isak Andre Lægland Eira
- Albert Haaranes Haugland
- Ylva Helgesen
- Alma Huse Kristoffersen
- Oskaras Miezetis
- Jana Mahmoud Mohammad
- Per Olav Myklebust
- Tuva Njaastad Rød
- Abel Kaldestad Saghaug
- Mari Larsen Snilstveit

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal